

Haustkafè/salgsutstilling i barnehagen.

30.10.2015



Torsdag 29. oktober skipa barn og personalet til haustkafè/salgsutstilling i Uskedalen barnehage. Haustkafèn kom som eit resultat av tema natur, sanseoppleveling og kreativitet på avdelingane våre. Barna hadde lyst til å invitere inn føresette, foreldre, sysken og besteforeldre til barnehagen for å vise fram kva dei hadde jobba med den siste tida.

Barna hadde mange gode idéar om korleis dette kunne gjerast. I samråd med barna vart det avgjort å invitere inn til haustkafè og utstilling av barna sine eigne kunstverk.

I samråd med FAU vart det avgjort at inntekta frå sal av kaker, pizza, gele, boller, saft, te og kaffe skulle gå til opprusting av barnehagen sitt uteområde. Barna sine eigne kunstverk var det opp til føresette og besteforeldre sjølve å bestemme om dei ville betale noko for, eller ikkje.

Bakgrunnsinfo: FAU, budsjett, tronge tider og dugnad:

Grunna skritt budsjett stod barnehagen i haust i fare for å måtta rive ned leikeapparat som stod til nedfalls, og ikkje heldt dagens standard og krav til sikkerhet.



Personælet og FAU ved barnehagen tok tak i problemstillinga og skipa dugnad på uteområdet i to vender. Midlar til reparasjonane har barnehagen fått via materiale, maling og spikrar frå lokale verksemder i bygda, samt pengar FAU har samla inn til barnehagen på den årlege sommarfesten.

Barnehagen har fått nytt tak på klatretårn/sklia, ny platting utanfor leikehytta, sølekjøkken, bensinpumper, reperasjonar og ny beis på den stor plattingen. Leikehytter, sklier, bord og benkar har fått ny maling, og øydelagde ting er blitt reparert.

FAU og personalet har gjort ein kjempejobb, og ungane våre nyt godene av ein fin og oppdatert leikeplass. FAU manglar likevel midlar til å ferdigstilla prosjektet sitt på uteområdet. Prosjektet innfattar blant anna utskifting av råten kledning og reperasjon av taket på leikeskuret, samt ny vedomn til lavoen vår på Skårhaug. Lavoen er eigd av barnehagen, men er open for bygdefolket, og blir også hyppig nytta av skulen.

Målsetjinga til FAU er å skaffe til rette nok pengar til å gjennomføre desse reperasjonane på dugnad innan sommaren 2016.

**Prosessen fram mot haustkafeen. Satsingsområdet vårt.**

Barnehagen sitt satsingsområde dette barnehageåret er :

Natur og friluftsliv – leik og vennskap.

Barnehagen nyttar naturen kring oss dagleg, og ungane får erfara og sansa endringane i naturen gjennom dei ulike årstidene, og undra seg over kva som hender med tre, planter,fuglar, dyr og andre naturfenomen dei ulike årstidene.

Hausten er ei flott tid. Ungane har samla blad, leita etter småkryp og undra seg over kvar piggsvinet tok vegen, og kvar/kvifor er så mange fuglar reist vekk?

Kvifor er det byrja frysia is på søledammene om morgonen, og kva er rimfrost?

Ungane har undra seg, og vore miniforskarar. Dei har laga biletar av piggsvinmor og barna hennar, trykt haustblad, laga konglefuglar, fuglar, tova eple, m.m.

Ungane gleda seg stort til å visa fram kunstverka sine til føresette, sysken og besteforeldre.



Ungane var samt enige om at alle utstillingar og kafèar har kaker, saft og kaffe Sjølv sagt måtte vi baka. Ungane har delteke med stor iver i planlegging og bakinga av maten som skulle seljast på kafeen. Ungane var einige i at alt skulle koste kr 10, akkurat som på kafè 10 aren på gammeskulen. Kunsten kunne dei selja for kr 0 til tusen millionar kroner. Eller dei vaksne kunne betala det dei ville, om dei hadde med pengar. Elles kunne dei få bilda med heim gratis. Å sånn vart det.

Så kom den store dagen. Rett etter frukost byrja barna å spørje: Kjem ikkje mamma, pappa, bestemor, søster, bror, tante snart? å som dei gleda seg. Det vart ein laaaaang dag for mange. Skulekameratane skulle få selja kaffi og mat. Tida kunne rett og slett ikkje gå fort nok. Så vart endelig klokka 14.30, og gjestene våre byrja strøyma til. Dette var stas. Det er alltid kjekt å visa fram barnehagen sin, og det ein har både laga og baka.

Det var eit godt frammøte, og det såg ut som små og store kosa seg saman på haustkafè/salgsutstilling i barnehagen vår. Inntekta etter dagen var på kr 4370,-.

Personale vil takka alle for ein kjekk ettermiddag!











Tekst og foto: Ann Irene Sæle
Nett: Thor Inge Døssland